

ÅRSMELDING - 2025



MØRE & ROMSDAL GJETARHUNDLAG

Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag er samansett av representantar frå dei 5 lokale gjetarhundlaga i fylket, og samansetninga i 2025 har vore:

Leiar Knut Sverre Dahl

Kasserar Terje Hurlen /vara; Merethe Hellevik (MMGL)

Sekretær og webansvarlig Irene Røe Vaagan / vara; Bjarte Morten Røen (MNGL)

Madeleine Ukkelberg/vara: Carola Ukkelberg – (NRGL)

Halvor Tenden – (VSGL) vara; Jan Myklebust (VSGL)

Fordelt over lokallaga har fylket 126 medlemmer.

Økonomien i laget er god.

Styret har hatt 13 styremøter gjennom året, og totalt 33 saker har vore behandla i løpet av året.

Styret har i 2025 jobba mykje med innspel til høyringa om nsg si nye organisering av gjetarhund i Noreg.

Nye godkjende ekvipasjar/bruksprov

Møre og Romsdal har fått 10 nye godkjende ekvipasjar i fylket 2025.

Atle Arnesen og Birk

Marius Sandvik og Kaisa

Ailen skogeng og Mira

Laila Ulvestad og Jippi

Carola Ukkelberg og Finnkanten Miira

Linn Ellingsgård og Peak

Vilhjalmur B. Sveinsson og Funnergårdens gjetarhund Siri

Aina Skjelvik og Teak

Ingrid Iversen og Ziko

Ingrid Iversen og Mia

Gjetarhundprøver/Gjetarhundkurs

Det har vore stor aktivitet i fylket.

8 distriktsprøver i klasse 1 med 40 deltakarar.

5 distriktsprøver i klasse 2 med 29 deltakarar.

3 distriktsprøver i klasse 3 med 94 deltakarar, inkludert Fylkesmesterskap i bruk av gjetarhund der 20 ekvipasjer starta.

1 Landsprøvehelg i kl 3 med 94 deltakarar.

Det har blitt halde 6 gjetarhundkurs med tilsaman 40 deltakarar og vidare 76 felles-treningar fordelt over lokallaga.

Norgesserieprøve

Midtre Møre Gjeterhundlag har vore arrangør av ei norgesserieprøve på Lausund 17. og 18. august med samarbeid med Møre og Romsdal Gjeterhundlag. Thomas Rømme var dommar.

Jan Myklebust med Gyda kom på nr 2. plass første dagen. Halvor Tenden tok både 3 og 4.plassen med henholdsvis Ztrips og Tara. Den andre dagen greide Halvor Tenden med Ainor å klatre heilt til topps og kom på 1. plass.

Knut-Jørgen Oseberg har vore dommar på 2 forskjellige norgesserieprøver i år.

NM

På årets NM 10- 12. oktober i Dovre deltok 2 ekvipasjar frå Møre og Romsdal:

Jan Myklebust med Gyda på 23.plass fredag.

Halvor Tenden med Tara på 24.plass laurdag.

Knut-Jørgen Oseberg var dommar.

MRGL nytter høvet til å gratulere begge med innsatsen i NM 2025.

Fylkesmeisterskapet

Fylkesmeisterskapet var i år arrangert av Vestre Sunnmøre Gjetarhundlag i samarbeid med Møre og Romsdal Gjetarhundlag. Konkurransane gjekk føre seg på marka til Berge Samdrift på Fiskå, 5. oktober. Det var 20 ekvipasjar på fylkesmeisterskapet.

Dommar for helga var Nils Edmund Stråmyr.

Dei 6 beste frå den innleiande runden gjekk til finale med dobbelthent og sortering. Etter endt finaleomgang stod Jan Myklebust og Ask øvst på resultatlista og fekk dermed overrekt fylkesmeisterpokalen.

Det vart eit vellykka fylkesmeisterskap i Møre og Romsdal med godt med deltakarar. Jan Myklebust med Ask vart fylkesmeister 2025 med 149 poeng. Andrelassen gjekk til Halvor Tenden med Tara og 3. Halvor Tenden med Ztripz.

Beste unghund vart Jan Myklebust og Matt.

Unghundcup´n 2025

Unghundcup´n i 2025 vart avgjort gjennom eit sett av distriktsprøver i klasse 2, og vinner av årets Unghundcup 2025 vart Merethe Hellevik med Bretanusgardens Arya.

Nursery

Det var 2 deltakarar frå Møre og Romsdal som var med i Nursery.

Jan Myklebus med Matt og Ailen Skogeng med Kemi Vega.

Nordisk meisterskap

Knut-Jørgen Oseberg var oppmann/Course Director for Nordisk meisterskap i gjetarhund på Ler.

Styret takkar for godt samarbeid og ønsker alle lokallaga lykke til i 2026.